

Halling- ljom



Lagsblad for Hallinglaget - i Oslo -

Nr. 1/12

INNHALD

| | | |
|-----------------------------------|-------------|-----------|
| Innholdsliste | side | 3 |
| Fyriord | side | 4 |
| Helgekurset hausten 2011 | side | 5 |
| Innkalling til Årsmøte | side | 7 |
| Årsmelding for laget 2011 | side | 8 |
| Hyttemelding 2011 | side | 12 |
| Infoside om laget | side | 14 |
| Program våren 2012 | side | 15 |
| Meir info om BLS | side | 16 |
| Bygdefolk i byen | side | 18 |
| Juleavslutninga 2011 | side | 19 |
| Hallinglaget ved grytene | side | 21 |
| Minikurs i hallingspringar | side | 24 |
| Folkedanskveldar | side | 25 |
| Styret i Hallinglaget | side | 26 |

Fyriord

No skriv me 2012, og eg ynskjer alle i Hallinglaget eit Godt Nytt år!

Heilt utruleg bra, me har full kontroll over Nordahl Bruns gate 22! Som de alle kan lesa om i dette bladet var det forslaget til Olav Thon som vant fram. Kanskje ikkje så rart då det inneheldt milliongåver frå ein kar frå Vats i Hallingdal, men med så mykje rart som skjedde i denne saka i fjor var ikkje det nokon sjølvsaugt ting!

Laga i Bygdelagsamskipnaden (BLS), også Hallinglaget, har vore lite opptekne av drifta av garden vår. Det vil eg no sjå på som ein stor feil, for det var så vidt at dei små laga ikkje mista heile kontrollen med huset vårt. Ei melding om hjelp til Thon gjorde at snøballen begynte å rulle ... Ein STOR TAKK til Olav Thon for at han tok tak i denne saka og heldt ut med oss.

Når ein no skal velja nytt Styre i BLS i mars, antakeleg blir årsmøtet 5. mars, må alle gode krefter bidra med å få gode folk inn i Styre og Stell. Så no er det ikkje berre Hallinglaget som treng folk, men også sjølve fylkeslaget BLS. Etter den ekstraordinære Generalforsamling i september i trekte heile 4 personar seg etter røystinga, der forslaget om at Olav Thon Gruppa (OTG) skal drifte Nordahl Bruns gate dei neste fem åra gjekk av med sigeren! Heldigvis er det minst tre sentrale personar som vil ta dei tyngste verva vidare, Anne-Lise Berggren tok over som leiar i BLS Styret i september, Live Horn er no nestleiar og Hilmar Nummedal tok over som leiar for Bygningsnemnda. Alle desse er svært dyktige.

Eg ynskjer **sterkt** at ein kandidat frå Hallinglaget som støtter denne avgjerda blir med anten i Bygningsnemnda eller som Styremedlem i den nye BLS Styret. **For no må alle laga i BLS** samle seg om at garden vår får den naudsynte oppgraderinga etter dei storslåtte gåvene frå Olav Thon. Dette vil også bli ei triveleg og lærerik oppleving. Med drifta på skinner kan ein konsentrere seg om å få rusta opp garden vår Nordahl Bruns gate 22. Huset vårt må bli ein samlande stad for alle laga i BLS, der alle er likeverdige, og bli ein bastion for den folkelege amatørkulturen i hovudstaden. Her bør alle som driv med folkedans, gamaldans, folkemusikk, song og teater få drive med det dei er mest glad i.

Leve Nordahl Bruns gate 22!

Venlegast kontakt underteikna om du er interessert, eller ynskjer ein grundigare prat om stoda i BLS. Har de meir lyst til å vere med i Hyttestyret eller Bladstyret i Hallinglaget så si i frå! Møt gjerne opp på **årsmøtet i Hallinglaget som er onsdag 22. februar.**

Eg håper på eit nytt innhaldsrikt og morosamt år med Hallinglaget. Med så mange gode vener som Hallinglaget har ser det lyst ut. Ver merksam på alt ein kan lære på eit minikurs i hallingspringar, så set av kvelden 5. Februar til det, les programmet vårt på midtsida, og kom gjerne innom på ei av tilskippingane våre denne våren. Hugs at me har veldig gode spelemenn til å spela for oss.

Kos dikkon med Hallingljom!

Beste helsingar
frå Terje

Helgekurset i Hallingspringar, 22. – 23. oktober 2011.



Nokre av dei som var med på det vellykka helgekurset hausten 2011. Det var minst 25 personar innom kurset laurdagen og sundagen.

Frå venstre ser me Else Mohn, Rolf Nybakk, Berit Grøtt Ellefsen, Terje Grangård, Olav Sem, Lisbeth Haraldsen (med torader), Anne Cathrine Johansen, Merete Mølbach, Grete Iversen, Kjerstin Bäckdahl, Arna Desser, Sigrun Bæra Svenkerud, Tone Eid, Magne Dale, Nils-Ove Gjeldokk og Jostein Tjore.

Fotograf: Svein Aasen.

Ein stor takk til alle som møtte opp på helgekurset og gjorde det så vellykka. Også på dette kurset hadde me kjempegode instruktørar og spelemenn som gav frå hjartet. Så Hallinglaget sender ein stor takk til instruktørane Sigrunn Bæra Svenkerud og Nils Ove Gjeldokk, samt spelemennene Olav Luksengård Mjelva (laurdag) og Lisbeth Haraldsen (sundag). Alle som var med lærde seg mykje på desse to dagane og på sundagen var også eit par timar brukt til å lære hallingspringar med to følgje!

Kvinnene i laget (Else, Berit og Anne Cathrine) laga til mat som var heilt fantastisk. Laget fekk mange positive tilbakemeldingar, så det var moro å vere leiar.

Terje



*Nils Ove Gjeldokk og Sigrun Bæra Svenkerud synte dansen med eit smil!
Fotograf begge desse bilda: Svein Aasen.*



Lisbeth Haraldsen trakterte toradaren på sundagen så alle var nøgd.

INNKALLING TIL ÅRSMØTE 2011 I HALLINGLAGET I OSLO

**Me kallar inn til årsmøte for Hallinglaget
Onsdag 22. februar kl. 19.00
i
Blåsalen
Nordahl Bruns gt. 22.**

Sakliste:

1. Val av ordstyrar og referent
2. Godkjenning av innkalling og sakliste
3. Godkjenning av årsmelding for styret og hyttestyret for år 2011
4. Godkjenning av rekneskapen for 2011
5. Arbeidsplan for år 2012
6. Stoda i BLS, Olav Thon tok over drifta av Nordahl Bruns gate 22 frå nyttår, men laga i BLS har full kontroll over garden.
7. Fastsetjing av prisar og medlemspengar
8. Val av nytt styre (4–6 pers.), hyttestyre (3-4), bladnemnda (3) og valnemnda (2–3)

Saker som ein ynskjer skal takast opp, må vere styret i hende seinast 8. februar 2012.

Berre dei som har betalt medlemskontingent for 2011, har røysterett på årsmøtet.

Det vert servering av kaffi/te og kaker.

Styret håpar på godt frammøte.

Årsmelding for Hallinglaget i Oslo 2011

Styret:

Leiar: Terje Grangård
Nestleiar: Berit Grøtt Ellefsen
Kasserar: Elin Berget
Skrivar: Ola R. E. Imset
Styremedlem: Else Mohn
Styremedlem: Renate Nysted Tønnessen

Hyttestyre:

Hyttesjef: Else Mohn
Medlemer: Hilde Kirkebøen, Ingrid Eidsmo, Michel Gascoin og Trond Roseth.

Bladnemnd: Terje Grangård, Svein Aasen og Eilev G. Myhren.

Valnemnd: Sigbjørn Galdal, Grete Iversen og Svein Aasen.

Danseleiar: Berit Grøtt Ellefsen

Hallinglaget hadde årsmøte den 23. februar i 2011. Dette året hadde Hallinglaget 42 fullt betalende medlemmer og 13 bimedlemer. Av medlemene var det tre personar under 26 år. Laget håper å få med endå fleire unge neste år.

Dette året har vore eit godt danseår, der mange gode spelemenn og kvinner har spelt for oss. Våren 2011 hadde laget 8 hallingspringarøvingar/lagskveldar i Blåsalen i Nordahl Bruns gt. 22, samt ei ekstraøving for dei som dansa lagdans på Landskappleiken i Seljord. Dei som spelte for laget denne våren var Hilde Kirkebøen, Ola R. E. Imset, Eilev G. Myhren, Lisbeth Haraldsen og Huldraleiken Hardingfelelag. Huldraleiken er leia av Ola R. E. Imset når dei spelar for Hallinglaget. Alle desse spelte på hardingfele, unnateke Lisbeth Haraldsen som spelar torader på ein måte som gjer det ekstra moro å danse til.

Hausten 2011 hadde laget 7 hallingspringarøvingar/lagskveldar. Hilde Kirkebøen, Ola R. E. Imset, Eilev G. Myhren og Huldraleiken Hardingfelelag spelte. På mest alle øvingane dette året er det servert heimebake kake, noko folk set stor pris på. Øvingskveldane har hatt eit oppmøte på 12 - 30 personar. Styret synes at det viktigaste laget gjer er å halde liv i dette dansemiljøet i hovudstaden.

Dette året er det halde fire styremøte i Hallinglaget der me planlegg aktivitetar og drift. Desse møta har me halde i lagsrommet vårt innafor kjøkenet i Nordahl Bruns gate på onsdagar før springarøvingane har starta. Til mat er pizza servert. Som tidlegare år er stemninga på styremøta svært god, og alle gjer sitt beste for å møte opp. Elles er epostmeldingar og telefon nyttig i lagsdrifta og blir mykje brukt.

Hallinglaget har arrangert 2 minikurs i hallingspringar (23. januar og 18. september). Kurser desse sundagane er på ein og ein halv time før Folkedanskvelden startar. Desse kursa samlar over 20 deltakarar med folk i alle aldrar og skapar god blest for dansen vår. Laget rettar ein

stor takk til Bergitte Kjosvatn og Terje Grangård som heldt kurset sist vinter og Knut Skrindo som var instruktør no i haust. Vår eigen Ola R. E. Imset spelte hardingfele på begge desse kursa. Merk dykk at minikursa i Nordahl Bruns gate på sundagskveldane er populære, for her kan ein prøve seg på nye dansar, alt frå Finnskogspols til Springleik! Spesielt polskursa er populære, dei samlar jamt over førti deltakarar. Heldigvis trekker også hallingspringarkursa bra med folk! Me får også skryt av at me har ein time med fri springardansing etterpå. Det er utruleg kva folk kan lære seg på eit par timar.

Også i år var det med ein del medlemer frå Hallinglaget på Den norske Folkemusikkveka på Ål siste helga i mai (22. - 29. mai). Eit av høgdepunkta i år var CD-sleppet til Ingebjør Sørbøen på fredagen, då var det stappfullt i Trugehola! Hugs at det fredag og laurdag kl. 10.00 er frukostspringar i Kulturhuset. Dette er ei viktig formidling av hallingspringaren til alle dei som kjem til Ål. Elles var både konsertar og dansen bra i år òg, dei har funne si form på desse dagane – så både dei som dansar og dei som liker konsertar trivst bra. Også i år var det ein veldig bra konsert på Sundrehall med hallingspel, med Øyvind Brabant, Olav Luksengård Mjelva og Ingebjør Sørbøen. Det er mykje på grunn av hallingspelet at eg tek turen til Ål kvart år. Også ungdomskonserten dei har på fredagen var bra; den var i år med Sivert Holmen (Valdres), Hans Kjørstad (Gudbrandsdalen) og Helga Myhr (Hallingdal), her får ein høyre kremen av morgondagens spelemenn. Eg må vel også nemne konserten til Sigrid Moldestad med band som spelte veldig bra til fullt hus i Thon-kjellaren på Hallingdal Hotell. Takk te Ål.

Bygdelagsstemnet på Bygdøy 29. mai samla lite folk frå Hallinglaget då det ”kolliderte” med Ål! Men det var 3-4 par som dansa hallingspringar på plattingen ein liten halvtime etter spelet til Eilev G. Myhren, så takk til Eilev og dei som dansa. Til dansen på kvelden spelte Østerdølenes Spelemannslag. Neste år er Bygdøystemnet helga etter Ål, og Hallinglaget vil arbeide for eit større oppmøte med folk frå laget vårt. Dette stemnet bør vere ei mønstring av folkedansarar og bygdefolk i Oslo-området. Hugs at Hallinglaget skaffar fribilletter til dei som vil danse og til dei som er medlemer i laget.

Den årlege Spikjikkjøturen til Hallingbu var planlagt onsdag 15. Juni, men måtte avlysast på grunn av at det var sær sars travel tid. Dette er einaste opphaldet dei siste 10 åra, så laget vil gjera alt for at det blir tur neste år.

For femte året på rad stilte Hallinglaget på lagdans under Landskappleiken, som dette året var i Seljord! Imponerande at me klarte å stille med fem par på torsdagen! Så takk til alle dei som tok seg fri og deltok! Laget takkar Else Mohn og Olav Sem, Berit Grøtt Ellefsen og Simon Hesselberg Løvald, Anne Stuvøy og Geir Tretterud, Grete Iversen og Sigbjørn Galdal, Elin Berget og Terje Grangård. Me hadde sær sars godt dansespel! - både Øyvind Brabant og Ola R. E. Imset spelte for oss, så det vart ein fengjande hallingspringar! Og endeleg lukkast me, me vart premiert! Ein niande plass i den harde konkurransen (25 lag) er me meir enn nøgde med, stemninga etter at resultatet vart kjent kan ikkje beskrivast med ord. Telemarkingane skipa til ein bra kappleik, været var ikkje det beste heile tida, men det var mange glade folk og sjå. Sjølv om det blir vanskeleg og toppe dette resultatet ynskjer Hallinglaget og stille på Otta no i år og hugs at det viktigaste er ikkje å vinne med å delta. Det er også artig å registrere at me nok har stilt med oppimot ti ulike par dei åra me har halde på, så me tek til å få breidde!

Fredag 16. september skipa Hallinglaget til ein Hallingkveld i Halli med Ingebjør Sørbøen. Alt for få møtte opp, men Ingebjør underheldt oss på beste måte, fyrst med ein skikkeleg fin

konsert, deretter med drivande dansespel som var med på å lege foten til underteikna! Blodet brusa og Ingebjør sjarmerte dei som var der og nokre dagar etterpå såg me henne i ein fint portrett på NRK om unge folk i serien "Arbeid for livet". Ingebjør klarte seg bra der òg.

Dette året skipa Hallinglaget til eit helgekurs i hallingspringar, helga 22. – 23. oktober. Me fekk to svært røynde dansarar til å halde kurs for oss, Sigrun Bæra Svenkerud og Nils Ove Gjeldokk, begge opphavleg frå Ål men Sigrun bur no på Nesbyen. Ein stor takk til desse, dei viste dansen på ein fin måte og alle lærde ein mykje. På sundagen vart det videoframsyning, der me såg på dans hallingspringar med to følgje, for Sigrun og Nils Ove er ekspertar på det! Saman med Gunvor Trinrud vant dei Landskappleiken to gonger på 70-talet! Det var også moro med gjestespelemenn, då "våre" var opptekne denne helga. På laurdagen spelte Olav Luksengård Mjelva og på sundagen dansa me etter toraderspelet til Lisbeth Haraldsen. Laget fekk mange gode tilbakemeldingar frå dei som var med, også fordi maten var særskild god desse dagane; fint laga til av Else og Berit. Fleire av dei som var med på kurset fekk til dans med to følgjer på sundagen, men dette er noko me vil øve vidare på i år. Er me heldige kjem Sigrun og Nils Ove innom att, eller så får me prøve oss etter det me hugsar/ser ut frå videoen, og kanskje kan me få besøk av andre som kan noko om dette?

På Oslokappleiken laurdag 29. oktober klarte ikkje Hallinglaget å stille opp i lagdans! Det var det heller ingen av dei andre bygdedanslaga som klarte! Så i ein liten prat me valdrisen på juleavslutninga deira, måtte me vedgå at det har vore eit litt vanskeleg år i år. Hallinglaget er ikkje så verst stilt, men vil gjera alt for å få med fleire folk og få til ein positiv trend framover. Så alle som les dette; kom med og hiv deg ut i frilynt dans så ofte som de kan!

Hallinglaget arrangerte Folkedanskveld i Nordahl Bruns gate 3. april og 20. november. I vår spelte Steinsgårdskroken (dei er gode) og i haust debuterte nystarta Enebakk Spelemannslag (med Ola R. E. Imset) på ein svært god måte. Merk dykk at Folkedansnemnda i BLS arbeider hardt med å halde liv i sundagsdansen! Hugs at det er gode grupper som spelar til dans der. Om me ynskjer at dette dansemiljøet i hovudstaden skal bestå, må kvar og ein av oss ta seg ein tur nokre sundagar i året. Og ta gjerne med dykk ein danseglad person slik at me blir fleire. Dette gjeld også dansefestane som Rundsnuen skipar til to til tre gonger i året. Det er viktig at dette dansemiljøet i Oslo består.

Heile dette året har underteikna vore særskild oppteken med "Stoda i BLS". Det vart mange møter, inspirerande møte med Olav Thon, og tunge Generalforsamlingar (to på våren og eitt på hausten og mange Leiar møter, der me jobba mot dei ihuga tilhengjarane til Bøndenes Hus! Det var ei påkjenning for leiarane, spesielt dei som arbeidde mot at garden vår, Nordahl Bruns gate 22 skulle takast over av Bøndene Hus, som er forretningsstyret til BUL, det største laget i Bygdelagssamskipnaden. Heit utruleg så vart det fleirtal for drift ved Olav Thon frå nyttår og at me tek imot dei storslåtte gåvene frå han, som me får utan annan føresetnad at me ikkje skal selja garden vår! Sjå eige Styreferat om denne saka her i lagsbladet.

På juleavslutninga den 30. november vart det småmat og lefsekling att, og heile Huldrালেiken Hardingfelelag spelte. Takk til kvinnene i Styret som laga til småmaten og til dei fem karane som spelte til dans (sjå eigen artikkel om dette). Ekstra moro var det at Olav Thon kom innom, han helsa på folk, dansa ein hallingspringar, fekk smakt på maten og heldt ei artig tale der han stadfesta sitt engagemang for BLS og Nordahl Bruns gate og ikkje nok med det; Olav vil også hjelpe Hallinglaget med å få sett Hallingbu i fullgod stand! Det vart ein særskild triveleg kveld for dei nær tredve som deltok.

Hardingfela til Hallinglaget er sidan august leigd ut til Peter John Warner, ein ung kar frå Ås som har meldt seg inn i laget. Me i Styret håper også at han vil begynne å danse med oss om han flytter til byen. Laget gler seg over at fela vår er i bruk hos ein ungdom som vil lære.

Lagsavisa Hallingljom har også dette året kome ut i to eksemplar. Takk til vår gode hjelper Randi som trykker avisa. Arbeidet med lagsbladet er veldig viktig både for PR-arbeidet og når me skal søke om stønader for lagsdrifta. Hallingljom er ein viktig årsak til at aktivitetane går så bra som no. Terje har også dette året laga aktivitetsguidar for våren og hausten og har oppdatert nettsidene våre på www.hallinglaget.net.

Dette året mottok Hallinglaget diverse stønad frå Sparebank 1 Hallingdal, Nes Prestegjelds Sparebank, Folkekulturforbundet, Olav Thon og av underteikna! Likevel gjekk laget dette året med eit underskot. Det kostar å drive eit lag og utgiftene er mange. Øvingskveldane kostar ein del kvar gong og helgekurset vart dyrt. Kurshelga var ei så travel helg for mange at me ikkje vart så mange som me hadde rekna med. Men Hallinglaget har mange hjelparar og vil stå på vidare. Ein kjempestor takk til alle som bidreg og tar i eit tak for laget.

Har de noko på hjarta, så skriv det i bladet! Hallinglaget har hatt ein brukbar aktivitet å året som gjekk, og er no klare for eit nytt år. Det kan bli stor aktivitet på Hallingbu i det nye året.

Leve Hallinglaget - og Hallingbu!

Terje Grangård

Årsmelding for Hallingbu 2011

Det har vori eit år utan alt for mykje aktivitet på Hallingbu, livet går i bylgjer, og akkurat slik vart det dette året. No når me startar på eit nytt år står det meste å lese i stjernene, men ein ting er heilt sikkert; eit dugeleg dugnadsår på Hallingbu skal det bli i år, noko eg kjem tilbake til litt seinare.

Leiaren vår, Terje, opna sesongen på Hallingbu 12. mars. Her vart han møtt av mykje snø, visstnok meir enn på Flå! Han måla snømengda til å vere over 80 cm på taket, han måka ein del før han spente på skia, og suste nedover til bygdedansfest på Riksscena.

Der nede trefte han Elin og Svein, og mellom gode dansar planla dei tre tur til hytta dagen etter.

Og tur vart det søndag 13. mars, der dei gjorde ein flott innsats, og måka resten av snøen frå tak og uthus. Snødybda på uthuset var heile 1 meter!

8. april tok Terje og Michel, med sonen Simon, ein skitur til Hallingbu. Denne gongen var det meir vatn enn snø, og heilt plutselig stod Michel i vatn til knes, med Simon trygt på ryggen. Godt er det at Michel er ein sær positiv mann, og han tok sjølv sagt ”dramaet” med knusande ro.

28. mai drog Elin og Svein opp til Hallingbu, og no utan ski, og til stor glede fann dei inga mus i fella!

Spikjikkjøtturen som skulle vori i juni falt dette året ut, og braut ein årelang tradisjon. Men der lovar eg at me kjem sterkare att i 2012, det er berre å byrje å glede seg.

14. juli tok Svein og Else ein tur til hytta. På veg opp meiner Svein at me fann ei molte..eg meiner det var loveleg tidleg for molter..dette må me finne ut av i 2012.

Vel oppe såg me over dugnadsplanane, og Svein er blant anna klar til å få ned all rynningen rundt skjulet.

20. august var Michel og Simon på Hallingbu. Oppe på hytta fann Michel ut at han berre hadde med mat til guten, men ikkje til seg sjølv. Så da var det berre å taka for seg det hytta kunne by på av gamal ris, teposar osv... kanskje på tide med litt ny forsyning?! Jau!

I løpet av hausten plukka Terje og Svein litervis med tyttebær mellom Snippen og Hallingbu, og i følge Svein, store som kirsebær.

Svein var også oppover på børsank ein tur aleine, han var både bortom Hallingbu og innom Sogn og Fjordanehytta, ”Pust ut”, som ligg like ved.

17-23. november vart overnattingsturen i 2011. Da leigde venner av Else; Kristin, og Ulrich fra Danmark, Hallingbu. Kristin melde seg inn i laget, og dei var sær nøgde med opphaldet. Dei fraus nok litt, og måtte leite godt før dei fann olla, men tok langt fra skrekken av det. Nei da, no vil dei leige hytta igjen ei lita uke i januar. Og ikkje nok med det; ved nøkkellevering hadde Kristin med seg nyvaska gryteklutar, golvklut og håndkleer. Og hytta hadde dei og vaska. Flotte folk, tusen takk.

Dugnad

No har me vori så utruleg heldige at Olav Thon, som er medlem av Hallinglaget, vil vera så gavmild og oppgradere hytta der det trengs slik at ho stend til evig tid :D
Det er ei stor gåve som me sett veldig pris på, Tusen takk til Olav!

Me har fleire mindre dugnadsoppgåver på trappene, noko me sjølvsagt vil gjera sjølv, eg nevner nokre oppgåver her:

- Beising av to vegger og under takskjegget bak.
- Kitte og male glasa som ikkje er heilt nye.
- Skifte nokre av borda under kjøkenglaset.
- Rydde betre veg ned til olla, og foran hytta.
- Fjerne rynningen rundt skjulet.
- Lage til ved av vindfall og anna trevirke.
- Evt. felle nokre trær på tunet for meir sol.
- Tette hol, der kanskje musa kjem inn.
- Rydde og vaske inne.

Av større ting som kan trenge ein oppgradering er å nemne taket på hytta, evt. skifte/kitte/male det store glaset i stua. Kanskje også lage til ein opning frå midtrommet mot kjøkenet, slik at hytta blir lettare å fyre varm på vinteren. Men alt dette må me finne ut av saman på ei felles synfaring til våren.

Me gjeng med andre ord spennande tider i møte på Hallingbu, der alle er velkomne til å ta i et tak, eller til berre å slappe av, og leve det gode liv på hytta, som kan by på stillhet, sus i trekrona, bad i mørke trolske Ormtjern, fint turterreng i alle himmelretningar, og godt inneliv ramma inn av lune tømmerveggar og fyr på peisen.

*Godt Nyttår
Else*



Hyttesjefen skriv i hytteboka før avreise, slik ein skal gjera ved eit besøk!

Medlemspengar i Hallinglaget for år 2012

Fullt medlemskap for vaksne: **kr 350,-**.

Fullt medlemskap for studentar og ungdom **under 26 år: kr 200,- Merk!**

For bimedlem, dvs. hovudmedlem i anna lag i BLS: **kr 175,-**

Medlemskap for barn under 15 år: **kr 100,-**

Bankgiro innbetalingskort skal ligge ved fyrste sendinga etter nyttår. Laget treng pengar for å klare seg, så bruk innbetalingskortet! Betal snarast råd, dvs. i fyrste kvartal. Hugs alltid å skrive på namn på innbetalingskortet. Hallinglagets konto i Cultura Bank er **1254.05.18988**.

Medlemskap i Hallinglaget gjev deg desse fordelane:

- Reduksjon i pris på samkomer i Hallinglaget, som skipar til lagskveldar, øvingskveldar og kurs i hallingspringar.
- Rimeleg leige av Hallingbu, hytta vår i Lillomarka med plass til 15 personar.
- Lagsavisa Hallingljom to gonger i året.
- Reduksjon i pris på Det norske Teatret mot å syne medlemskort.
- Redusert pris på Folkedanskveldane i Nordahl Bruns gt. 22. Kvar søndag er det gammaldans, bygdedans, songdans og evt. turdans frå kl. 19.30–23.00.
- Informasjon om andre folkemusikktilskipingar i hovudstaden (post/meldingsliste).



*Den "harde kjerne" i Styret før småmatfesten, frå venstre Elin, Terje, Berit og Else.
Fotograf: Svein Aasen.*

Program i Blåsalen, Nordahl Bruns gt. 22.

Det er springardansing desse onsdagane:

- 11. jan.** Springarøving kl. 19.00. Hilde Kirkebøen spelar
- 25. jan.** Springarøving kl. 19.00. Lisbeth Haraldsen spelar
- 8. feb.** Springarøving kl. 19.00.
- 7. mar.** Springarøving kl. 19.00.
- 21. mar.** Springarøving kl. 19.00.
- 18. apr.** Springarøving kl. 19.00.
- 2. mai.** Springarøving kl. 19.00.
- 30. mai** Springarøving kl. 19.00.
Utdeling av diplom til ihuga dansarar

Andre viktige hendingar dette halvåret:

Sundag 5. februar: Minikurs i hallingspringar,
før Folkedanskvelden kl. 18.00. Ola R. E. Imset spelar!
Det blir instruksjon i ein og ein halv time ved Knut Skrindo, A-klasse dansar.
Etterpå blir det fri springardansing ein ekstra time etter kurset. Møt opp!

Onsdag 22. Februar: ÅRSMØTE I HALLINGLAGET!
Startar presis kl 19.00 i Blåsalen. Alle medlemmer er velkomne.

Laurdag 17. mars: Buskerudkappleiken på Lampeland.

Torsdag – sundag, 12 – 15. april: Danser’u gjengen frå Buskerud i Oslo!
Numedalslaget og Hallinglaget skal sørge for vakter og matsservering. Framtidas medlemmer i laga våre må me ta vare på! Skal ha stor oppsetjing på Riksscena!

Sundag 22. april: Hallinglaget er tilskipar av Folkedanskvelden frå kl. 19.30.
Denne kvelden er det **Enebakk Spelemannslag**, med Ola R. E. Imset, som spelar.
Dei er gode og det blir eit par hallingspringarar i pausa!

24. mai - 27. mai: Folkemusikkveka på Ål!
Her blir det mykje kjentfolk frå Hallinglaget. Ta fri nokre dagar i mai og bli med!

Sundag 3. juni: Bygdelagsstemnet på Bygdøy!
Hallinglaget dansar ein liten halvtyme i tre – fire tida.
Dei som dansar og dei med bunad (samt alle medlemmer i BLS) kjem inn gratis!

Onsdag 13. juni: Spikjikkjøttur til Hallingbu!

27. juni – 1. juli: Landskappleik på Otta!
Landskappleiken vil samle mykje folk og Hallinglaget satsar på lagdans torsdag 28. Juni?

VELKOMNE SKAL DE VERA!

Meir info. på www.hallinglaget.net

Referat frå omframnt årsmøte i BLS 27. september 2011

Leiar i BLS-styret, Jon Låte, ønska velkomen.

Som ordstyrarar vart Tore Granseth og Torstein Solberg valde.

Røysteteljarar: Vebjørn Bakken og Helge Kristiansen.

Referentar: Bjørn Barvik og Oddny Feragen

Styret la fram forslag til vedtak med 5 punkt for årsmøtet.

Styret var samde om punkt 1 og 2:

- **Ta i mot gåve frå Olav Thon til utbetringstiltak.**
- **Ta imot tilbod frå Olav Thon om innløyising av lånet.**

Styret var delt ved punkt 3 og 4. Fleirtalet meinte at BHAS burde drifta garden og utarbeide avtale med BHAS om langsiktig samarbeid. Mindretalet meinte at Olav Thon burde stå for dagleg drift i 2-5, og at det skulle arbeidast vidare med skisser for drift av garden i eigen regi .

Styret var samde om punkt 5 om å førebu framlegg til ny organisasjonsform for BLS og eigedomsverksemda i garden.

Sogn- og Fjordanelaget i Oslo presenterte alternative forslag til vedtak til styret sine forslag til punkt 4 og 5. Dei alternative forslaga kombinerte innhaldet både i fleirtals- og mindretalsforslaga under pkt 4 og styrets forslag til pkt 5.

Spørsmål om habilitet for delegatar frå BUL til årsmøtet:

Barnelaget fremma forslag om at delegatar for BUL eller medlemmer i styret i BHAS ikkje skulle ha stemmerett på det omframnt årsmøtet.

Avstemming: Forslaget vart avvist med stort fleirtal

Vedtak:

1. Bygdelagssamskipnaden i Oslo tek i mot gåve frå Thon på inntil 4 mill kroner til utbetningsvedtak i samsvar med Thons tilbod i brev av 6. april 2011.

Avstemming: Vedteke med stort fleirtal.

2. Bygdelagssamskipnaden tek i mot gåve frå Thon om innløyising av lån stort10 mill kroner i samsvar med Thons tilbod i brev av 6. april 2011 og som forstått i styrets brev til Thon av 19. juli 2011. Styret får fullmakt til å forhandla om endringar av vilkåra for gåva dersom det er nødvendig for å kunne leggja eigedomen inn i eit AS som tilhøyrrer Bygdelagssamskipnaden.

Avstemming: Første setning vart vedteke med stort fleirtal. Andre setning vart vedteke med 28 mot 21 røyster.

3. Styret får fullmakt til å inngå ein kortsiktig driftsoperatøravtale med Olav Thon Gruppen om drift og tilsyn av eigedommen i inntil 5 år med garantert minimum leigeinntekt på 5 mill kroner per år, i samsvar med Thon sitt tilbod i brev av 6. april 2011 og som forstått i styrets svarbrev 19. juli 2011.

Avstemming: Vedteke med 26 røyster. 23 utsendingar stemte for alternativt forslag om å inngå kortsiktig driftsavtale med BHAS

4. Styret skal sørge for å få utgreidd vidare den skissa til langsiktig utvikling og framtidig drift som Arnold Haukereid og Hilmar Nummedal har presentert for leiarmøtet.

Avstemming: Vedteke med stort fleirtal.

5. Styret får fullmakt til å føre samtaler med Bøndenes hus AS om å utgreie eit felles utviklingsprosjekt, på dei vilkår at det er i tråd med BLS sitt brev til BHAS datert 3. august 2011.

Avstemming: Vedteke med stort fleirtal.

6. Styret blir bede om å gjere ei utgreiing av fordelar og ulemper ved dagens organisasjonsform og samanlikne den med aksjeselskapsmodellen og andre organisasjonsformer.

Avstemming: Vedteke med stort fleirtal.

Oslo 6. oktober

Bjørn Barvik og Oddny Feragen

Orientering om BLS-Styret og arbeidet med avtalen med Olav Thon:

Både Jon Låte (Leiar), Nils Seland (Leiar i Bygningsnemnda) og Marianne Dahl (Styremedlem) trekte seg direkte etter dette ”rabaldermøtet”. Bjørn Barvik trekte seg like etter. Dei som var att har konstituerte seg så godt det let seg gjere. Den nye Leiaren i BLS Anne-Lise Berggren har gjort ein kjempejobb, nestleiar Live Horn likeså. Hilmar Nummedal har gjort veldig mykje som ny leiar for Bygningsnemnda. Terje Svindseth gjekk inn som ny styremedlem. Det nye styret er nå til registrering i enhetsregisteret slik at dei kan få fullmakter til bankkonti m.v. og fungere fram til den nye Generalforsamlinga 5. mars.

Olav Thon Gruppen tek over drifta av Nordahl Bruns gate 22 frå 1. januar 2012.

Avtalen gjeld i 5 år med høve til oppseiing etter 2 år med 6 månaders varsel. Alle leige-kontraktar gjeld vidare, men vil bli reforhandla ved første høve. Olav Thon tek ikkje honorar for arbeidet med forvaltninga av garden. Alle leigeinntekter går inn på eigen bankkonto som Thon Gruppen disponerar og alle driftskostnader vert betalt frå denne kontoen. Skilnaden mellom garanterte leigeinntekter på 5 mill og verkelege leigeinntekter blir overført frå Thon Gruppen årleg. Likviditetsoverskot blir overført til BLS sin konto årleg. Thon Gruppen fører rekneskap for drifta av eigedomen. BLS vil no berre føre eigen rekneskap for organisasjonen.

(Dette er utdrag frå diverse referat)

Konklusjon:

BLS, dvs. **alle Bygdelaga** har framleis full råderett over Nordahl Bruns gate 22, og dei har no mogelegheit til å få skikk på alle utleigekontrakter og bygge opp ein kapital slik at dei kan møte morgondagens utfordringar! Hadde Bøndenes Hus AS (BHAS) fått styringa hadde huset vore ute av dei små laga sin kontroll i løpet av eit par år. Faktisk vart ”tilboda” frå BHAS verre og verre etter som tida gjekk, og tilboda kom alltid på bordet lenge etter at det skulle ha vore levert ...

Terje G.

Bygdefolk i Byen

(Saksa frå Hallingdøen 7. april 2011)

Dei lit ikkje på Olav Thon inne i Oslo.
Dei trur
at når han fyrst har gjeve dei eit godt
handslag,
så heldt han fast,
og filleristar dei
når tida kjem.

Dei ser ikkje ,
som heimbygdingane,
at han tente sine fyrste pengar
- og alle sidan -
ved å handle med same mynt
som han vart boden i byen;
og at han,
mellom bygdefolk,
går og lever
som han alltid har gjort,
og at du enno kan møte han
med skreppa
og ei velbrukt topphuve
på fotstiar,
og ved den gamle bui si,
godt halden vedlike
på gamlemåten
inne i hallingfjella.

Bjarne Dåe



Olav Thon har eit godt smil!

Juleavslutninga i Hallinglaget 2011.



Huldraleiken spelte på Juleavslutninga og fekk alle på golvet i heftige springedansar!

Frå venstre: Henrik Meyer Jakobsen, Hans Kilen, Atle Haugen, Arild Langseth og Ola R. E. Imset.

Fotograf: Svein Aasen.

Takk til alle som kom og var med på Juleavslutninga den 30. november. Det var om lag 30 personar som melde seg på. Det er triveleg at folk set pris på småmaten som kvinnene i Styret lager til, samt lefseklingen frå Flå som er laga av Bente Buøen Ness som har lært kunsten av mor si. Det er også moro at mange kjem når me har eit heilt ”spelemannslag” til å spele for oss, nemleg Huldraleiken Hardingfelelag som er leia av Ola R. E. Imset når dei spelar hallingspringar.

Synd at ein ikkje får tid til å prate og danse med alle som kjem, skulle ein det måtte ein ha halde på mykje lenger. Nytt av året var at me tok ein springar før bordsete, slik at Olav Thon skulle få høre og sjå ein springar og sjå kor glade me er i å danse! Det var ekstra moro at Olav vart med på denne springaren. Else Mohn hadde vett til å by han opp og han hadde ikkje gløymd kunsten, for Hallinglaget lærde Olav hallingspringaren til 50-årsdagen hans. Då var det tre par som overraska festlyden med ein feiande hallingspringar. Kjempemoro var det at

Liv Halldis Breie som Olav Thon dansa med då, også var med Hallinglaget denne kvelden. Det vart eit triveleg møte med Olav på alle måtar, men besøket var kort for han måtte vidare til eit anna arrangement. Men han fekk smakt på småmaten vår og han likte lefseklingen frå Flå. Me fekk også helst på hans gode venninne Sissel Berdal Haga, som utruleg nok trefte to sambygdingar i Hallinglaget! Verda er ikkje stor ...



*Det var særst **god** stemning på Juleavslutninga, her er Terje i ein triveleg prat med Olav Thon.
Fotograf: Svein Aasen.*

Det var veldig god stemning når Olav Thon var innom! For ein livskraftig kar på 88 år, ein kar som eg og mange fleire håper skal leve evig. Med slike medlemmer i Hallinglaget er det moro å drive på.

I den fengande tala til Thon fekk me alle høyre hans engasjement for Nordahl Bruns gt. 22 og at han også vil sørge for at hytta vår Hallingbu vil bli tilført midlar og rusta opp til neste år! For ei storslagen overrasking!
Så no vil det bli fleire spanande dugnadsturar til Hallingbu til våren.

Terje

Hallinglaget ved grytene

Havregraut

”E ha begynt å ete graut”, kom det kontant frå Hilde på ein øvingskveld i haust. ”Jaha”, svara eg, og dermed var folket i gang. Den eine ingrediensen tok den andre og alle hadde noko å melde. Og no har eg og begynt å ete graut, blå graut, kvar einaste dag, og det er både godt, sundt og gjev energi. Her kjem ein oppskrift, men bruk og eigen fantasi tel å ”krydre” grauten.

Havregryn

Hele lettkokte hvetekorn

Solsikkefrø

Valnøttar, hasselnøttar, mandlar

Rosiner

Svisker

Linfrø som har fått ligge i vann natta over

Epler

Honning

Det du måtte ha av bær i frysaaren, Hilde har plukka ivrig, og sverger til blåbær.

Blanding av melk og vann

Ei dansk venninne av meg meinte fiken er bra, og ho sverga til havregryn frå helsekostkjedene.

Rønnaugs lappar

ca 40 stk

Mens me dreiv og planla helgekurset i haust vart det litt prat att og fram om kaker. Det var då ideen kom om lappar. Og når den først var sådd var det inga veg attende. Leiaren tykte kanskje det var vel mykje arbeid, men ble raskt avblåst med Berits velkjente : ”Det gjer me i ein sving”, og Anne Katrine som ikkje hadde noko problem med å låne oss hennar store takke.

Og skulle det være lappar, ja da måtte det bli Rønnaugs Heddalslappar, som eg har vori så heldig å smake fleire gongar på Heddal Bygdetun i Telemark. Og litt vandring dalføra imellom er jo ikkje anna enn hyggeleg.

6 egg

2 koppar sukker

1 liter kulturmilk

4 ts natron, rørt ut i litt av melka

5-7 koppar mel

Pisk saman egg og sukker til lett eggedosis.

Rør ut natron i litt av melka, og tilsett melk og natron i blandinga.

Rør inn melet, røra må ikkje bli for tynn.

La røra svelle 5 minutter.

Bruk ei lita øse der ei øse vert ein lapp. Steik lappane på takke, på litt over middels varme, men her må ein prøva seg fram, frå takke til takke.
Snu lappane når dei boblar, og steik dei litt mindre på andre sida. Ferdig.

Til lappane passar det særst godt med Tyttebærrømme .
Den lagar ein enkelt og greit ved å røre saman tyttebær, seterrømme og godt med sukker.
Nam!

Berits Småmat

Småmaten har vært i Hallingljom før, men vart etterlyst, så da kjem oppskrifta nok ein gong. Og fordi me sjeldan held oss til nokon oppskrift mens me er i gang er mengdene sikkert noko annleis enn sist.

Småmat til 30 personar + til et gromt styrtemøte på nyåret:

- 13 liter god kraft
- 1 kg oksekjøt (steik)
- 1 baconstykke
- 2 pakker gule erter
- 2 liter gulrøter
- 4 liter ferdigkarva poteter
- ½ sellerirot

Fyrst må ein lage krafta, som kan frysast ned, slik at ein har ho når ho trengst.
Oppskrifta nedanfor gjev minst 4 liter kraft:

Kok kraft av 2 kg frosne oksehalar, ein pose fleskebein (2 kg), ein røykt svineknøke, ei fenalårknøke (bare koke med max 2 timar), ei skive med sellerirot, persillerot og eit stykke med purreløk. Dette må stå og koke i mange timar (1/2 dag). Undervegs må ein skumme av toppen av krafta. Krafta skal så silast og avkjølast. Skal ein ikkje bruke krafta med ein gong, må fettet av, og kan den frysast ned i høvelege blokker.

Så er det småmaten: Fyrst må ein karve poteter, her skal alle bitane vere fine terningar på ½ gonger ½ cm! Skal ein få til dette, må ein skjere vekk litt at sidene på potetene og kaste avskjeret! Me viste skjønnt, men var nøye med karvinga. Potetene som er karva, kan lagrast i ein kjele med kaldt vatn over natta. Dei må dekkjast til med vatn med ein gong, elles blir dei mørke.

Og så må ein karve gulrøter på same måten. Ikkje for mykje, for då kan småmaten bli søt. Dette må lagrast i ein annan kjele med vatn over.

Dei gule ertene skal bløytast over natta. Dette vatnet slår ein av, før ein kokar ertene forsiktig for seg sjølv i nytt vatn (slik at dei ikkje deler seg).

Kjøtet skal saltast i to dagar **før** det blir kokt (då kan det liggje i eit kjøleskåp med plastikk over). Oksekjøtet karvar ein i så heile og fine terningar som mogeleg. Det same med svinekjøtet, her kan ein også bruke magert fleisk. Det ferdigkarva kjøtet kan liggje i kjøleskåpet til dagen etter.

Feittet på toppen av krafta som har størkna, skal fjernast. Krafta varmar ein deretter opp i ein stor kjele. Krafta skal vere klar og fin og skum/grums på toppen må ein fløyte av. Medan ein kokar på krafta, kan ein ha ein knoke av sauekjøt i ei kort stund. Dette gjev smak av øvre Hallingdal. Men pass på at den ikkje ligg i for lenge – for då kan krafta bli for stram.

Når ein kokar småmaten, legg ein i det som er karva opp, etter kor lang koketid kvar ting skal ha. Ertene ein time, potetene om lag 20 min, gulrøtene 15 min, kjøtet 5 min (alt bare trekke). Til slutt må ein smake til småmaten med salt og pepar. Legg gjerne i ein opphakka persillekvast, evt. som strø på tallerknane!

Småmaten serverer ein med lefsekling til, og aldri flatbrød :D , og til drikke kan ein ha alle typar øl eller saft. Dette er mat som smakar godt i festlege lag.

Eplekake

Her kjem oppskrifta til eplekaka som Tone Eid hadde med på ei øving. Kaka syntes alle var god og den har eigentleg namnet ”**Amerikansk Eplekake**”.

Dette er ei verkeleg god eplekake med god eplesmak:

3 egg
2 dl. sukker
2 ½ dl kveitemjøl
1 ts bakepulver
50 g smelta smør eller margarin
4 eple
1 ss sukker
½ - 1 ts kanel

Skrell eplene og skjær dei i båter. Legg dei i ein bolle, strø over sukker og kanel og la dei stå, mens sukker og egg piskast til ein stiv eggedosis.

Bland kveitemjølet med bakepulveret og rør det inn i røra. Ha i til slutt det avkjølte smelta smøret. Hell halvparten av røra i ei smurt form, ca. 24 cm i diameter. Legg i halvparten av epleskivene og hell resten av deigen over. Legg resten av eplebåtene i eit fint mønster på toppen av kaka. Steik den ved 175° i ca. 40 minuttar. Prøv med ei kakenål om kaka er ferdig steikt. Ta kaka ut at forma og avkjøl den på ei rist.



*Michel Gascoin, medlem i Hyttestyret, har brukt Hallingbu litt dei siste åra. Her med sonen Simon på ryggen. – Ut på tur aldri sur
Fotograf: Terje Grangård.*

MINIKURS i HALLINGSPRINGAR

Sundag den 5. februar i Halli kl. 18.00

Instruksjon frå 18.00 – 19.30 ved Knut Skringdo som får hjelp av jentene i laget.
Dansespel ved vår kjære spelemann Ola R. E. Imset.

Frå kl. 20.00: Hallingspringar ein ekstra time.
Kom aleine, som par eller fleire i fylgje. Dansarane i Hallinglaget er mobilisert!

Inngangspengar: 100 kroner som gjeld for heile Folkedanskvelden.
Hugs at det kvar sundag er Folkedanskveld i Nordahl Bruns gate!

Ta med deg danseskoa og kom og dans! Alle er velkomne.
Oppfordring til alle: Drive litt PR for denne kvelden, så fleire lærer seg dansen vår ...

Folkedanskveldar våren 2011

Gammaldans/turdans/songdans i Storsalen, og supertilbod på minikurs i Blåsalen!
Velkommen til Folkedanskveld i Nordahl Bruns gt 22 i Oslo.

| Dato | Storsalen kl. 19.30 -22.45 | Halli, minikurs 1800-1930 | Arrangør lag |
|-------------|----------------------------------------------------------------|--------------------------------------|----------------------------|
| 08. jan | Stensgård & Rusten | Pols frå Finnskogen | Rundsnuen Danselag |
| 15. jan | Bærum spelemannslag | Vestlandsspringar | Sogn- og Fjordaneringen |
| 22. jan | Østerdølenes spellmannslag | Stildans | Symra |
| 29. jan | Fanteladdene | Vestlandsspringar | Sogn- og Fjordaneringen |
| 05. feb | Mumriken | Hallingspringar ! | Numedalslaget i Oslo |
| 12. feb | De frilynde | Menuett frå Oravais | Symra |
| 19. feb | Eiker Spelemannslag | Pols frå Røros | Rundsnuen Danselag |
| 26. feb | Brødrene Odde | Bodapolska | Sogn- og Fjordaneringen |
| 04. mar | Solveien spelemannslag | Rørospols | Barnelaget i BLS |
| 11. mar | Steinsgårdskroken | Stildans | Symra |
| 18. mar | Sofienberg spelemannslag | Parhalling | Sogn- og Fjordaneringen |
| 25. mar | Farande Fant | Rørospols | Hordaringen |
| 15. apr | Fanteladdene | Vestlandsspringar | Hordaringen |
| 22. apr | Enebakk Spelemannslag | | Hallinglaget i Oslo |
| 29. apr | Tonje og Stein Magne | Bingsjøpolska | Sogn- og Fjordaneringen |
| 06. mai | Østerdølenes spellmannslag | Springleik frå Vågå | Rundsnuen Danselag |
| 13. mai | Streng & Belg | Pols frå Finnskogen | Hordaringen |
| 17. mai | De frilynde | | Folkedansnemnda |
| 20. mai | Bærum spelemannslag | Vestlandsspringar | Sogn- og Fjordaneringen |
| 03. juni | Bygdøystemnet 2012, med Østerdølenes spellmannslag? | | Nemnd frå BLS |

Inngang Folkedanskveld: Medlemmer kr 80,- / ikkje-medlemmer kr 120,-

Inngang minikurs: Medlemmer og ikkje-medlemmer berre kr. 100,- som inkluderer påfølgjande Folkedanskveld!)

Sal av kaffi og vaflar! Alkoholritt miljø! Alle er velkomne!

Bygdelagssamskipnaden

Les meir på: www.bls.no

e-post: bls@online.no

Sal av kaffi og vaflar! Alkoholritt miljø! Alle er velkomne!

Bygdelagssamskipnaden

Nordahl Bruns gt 22, 0165 OSLO

e-post: bls@ungdomslag.no

Styret i Hallinglaget 2011 - 2011

- Leiar:** Terje Grangård
Hoffsveien 45 B, 0377 Oslo
Tlf.: 2252 2267 – heime
4820 4652 – mobil
E-post: grangard@c2i.net
- Nestleiar:** Berit Grøtt Ellefsen
Gåserudgata 2A, 3032 Drammen
Tlf: 4804 0062 – mobil
E-post: berit.ellefsen@dnbnor.no
- Kasserar:** Elin Berget
Slemdalsvingen 17, 0776 Oslo
Tlf: 9801 9910 – mobil
E-post: elinberg04@hotmail.com
- Skrivar:** Ola R. E. Imset
Ignaveien 129, 1912 Enebakk
Tlf: 6492 6336 – heime
9013 3907 – mobil
E-post: ola@imset.net
- Medlemer:** Else Mohn
Strømsveien 25, 0658 Oslo
Tlf: 9587 9270 – mobil
E-post: helsemor@hotmail.com
- Renate Nysted Tønnessen
Vallefaret 16, 0663 Oslo
Tlf: 9955 2650 - mobil,
E-post: renatenysted@yahoo.no
-

Bladstyre for Hallingljom:

- Leiar:** Terje Grangård
Tlf: 4820 4652 – mobil
Medlemer: Svein Aasen og Eilev Groven Myhren.

Stoff til Hallingljom kan sendast til Eilev G. Myhren eller til ein i Styret.

Hyttestyre for Hallingbu:

- Leiar:** Else Mohn
Strømsveien 25, 0658 Oslo
Tlf: 9587 9270 – mobil
E-post: helsemor@hotmail.com

Medlemer: Hilde Kirkebøen, Ingrid Eidsmo, Michel Gascoin og Trond Roseth.

Revisor: Alix Cordray
Tlf.: 2225 2949

Valnemnd: Svein Aasen, Grete Iversen og Sigbjørn Galdal.

Hallinglaget på nettet: Nettadressa er: www.hallinglaget.net

Ansvarleg for nettsidene: Terje Grangård

Sjå også: www.bls.no, www.folkedans.com, www.folkemusikkscena.no og www.dans.laus.no

Hallingbu



ERB
JR.96